

# NÆRINGSPLAN 2015-2021

## FORSAND KOMMUNE

Vedtøken av kommunestyret: 25.03.2015

**Side 2**      **Næringslivet i Forsand**  
-Status næringslivet  
-Visjon  
-Utfordringar/moglegheiter

**Side 4**      **Landbruk og havbruk**  
-Status  
-Mål  
-Tiltak



**Side 6**      **Reiseliv**  
-Status  
-Mål  
-Tiltak



**Side 7**      **Industri**  
-Status  
-Mål  
-Tiltak



**Side 8**      **Handel og Service**  
-Status  
-Mål  
-Tiltak



**Side 9**      **Infrastruktur**  
-Status  
-Mål  
-Tiltak



**Side 10**     **Planprosess**

## NÆRINGSLIVET I FORSAND

### Status

Forsand kommune har eit variert og drivande næringsliv. Det er registrert over 300 føretak i kommunen pr. 01.01.2014. Dei største næringane er primærnæringane landbruk og sandtak/mørtelindustri/betongindustri. Forsand kommune er ein kraftkommune og det vert produsert ca 1500 GWh, nok strøm til 75 000 bustader. Kraftproduksjonen står dermed for den største verdiskapinga i kommunen. Eit berekraftig næringsliv er fundamentet for ein livskraftig distriktskommune og kvar einskild arbeidsplass er ein ressurs for kommunen. Forsand kommune ynskjer at alle typar næringar skal utviklas, etablerast og veksa i kommunen. Det vil verta utfordringar for einskilde bedrifter i kommunen med endra infrastruktur dei komande åra, men desse endringane kan også føra til at Forsand kommune vert meir attraktiv som stad for nyetableringar og busetnad.

Forsand kommune har unike naturgitte fordelar som store og frodige landbruksområder, betydelege grus og sandførekomstar og verdkjente turistattraksjonar som Lysefjorden, Preikestolen, Kjerag, Flørlitrappane og Røssdalen.



### Utfordringar/moglegheiter

For å oppretthalda og utvikla eit aktiv næringsliv i heile kommunen kjem det fleire utfordringar. Utfordringane er like for fleire næringar og det er næringar som har sine unike utfordringar.

Næringsplanen for Forsand må nytta handlingsrommet som ligg innanfor ramma av nasjonal, regional og kommunal politikk. Næringsplanen skal nytta synergien som ligg i allereie vedtekne nasjonale, regionale og kommunale planar som påverkar dei næringsområda ein har sett mål og tiltak for i planen. Døme på slike vedtekne planar er:

- «Kommuneplan for Forsand kommune 2007-2022».
- «Næringsplan for Rogaland fylkeskommune».
- «Reiselivstrategi for Rogaland».
- «Reiselivsplan for Ryfylke med handlingsplan».
- «Areal og transportplan for Ryfylke».
- «Regionalplan for landbruk i Rogaland».
- «Handlingsplan for skogbruk i Rogaland».
- «Regionalplan for havbruk i Rogaland».
- «Regionalplan for byggjeråstoff i Ryfylke»

Fylkeskommunens sin reiselivstrategi, Ryfylke IKS sin Reiselivsplan for Ryfylke, samt Nasjonal turistveg. Forsand kommune arrangerte «optimist møte» på Lysefjordsenteret den 23.01.2013 der ein utfordra innbyggjarane i kommunen til å koma med innspel om tiltak/aktiviteter som ville tilføra kommunen optimisme, bulyst og vekst. Arbeidsgruppens innspel er ein del av planprosessen til næringsplanen.

Infrastruktur er ei utfordring som er lik for dei fleste næringane. Dersom Høgsfjordferja går den siste turen i 2019 vil fleire næringar få merka dette og må gjera tiltak for å imøtekoma den nye situasjonen. Tunell Espedal/Frafjord vil verta ei kampsak for reiselivet i Forsand for å betra kommunikasjonen til og frå kommunen. Denne tunnelløysinga vil kunna sikra ei unik turistrute gjennom Forsand og vidare inn i Ryfylke. For reiselivsnæringa vil tunnelløysinga gje store moglegheiter for vekst og utvikling i heile Ryfylke regionen. I tillegg vil naturlegvis alle dei andre næringane i kommunen få ein positiv effekt av ei tunnelløysing.

Det er eit overordna mål at Høgsfjordfergja skal gå fram til tunnelløysinga Espedal/Frafjord er realisert.

Næringsplanen omfattar også eit plankart, der ein har avgrensa kjerneområda i dei einskilde næringane nyttar i dag og område kor næringane vidare kan utviklast i.

## LANDBRUK

### Status

Landbruket i Forsand er ein av dei største næringane i kommunen, mtp. personar som arbeidar innan næringa og ikkje minst arealbruk.

Landbruksnæringa omfattar jordbruk og skogbruk.

Landbruket i representerer ei verdiskaping på om lag 100-150 mill. kr/år utan vidareforedling. Jord og skognæringa er ei næring som er regulert og styrt av eit ganske omfattande byråkrati med lovar, forskrifter og retningslinjer. Det er med bakgrunn i dette at ein vel å konsentrera tiltaksdelen til tiltak som ein kan utretta lokalt for å nå måla for næringa.



### Jordbruk

Mål: Oppretthalda og stimulera til eit berekraftig jordbruk med vekst i heile kommunen.

### Tiltak

Det er fleire verkemiddel ein kan nytta for å nå måla ein har satt for landbruksnæringa i kommunen. Landbrukskontoret har ei viktig rolle mtp. å stimulera til å nå måla med ei aktiv landbruksrådgjeving og positiv sakshandsaming. I tillegg kan ein justera retningslinjene for tilskot frå kraftfondet slik at tilskotsordningane treff betre og med meir effekt.

Landbruksorganisasjonane har også ein viktig rolle i å ivareta medlemmane og skapa sosiale nettverk som gjer næringa triveleg å delta i.

### Tiltak:

- Nydyrkingsmål på 30 dekar pr. år
- Auka kulturbeiteareala med 60 dekar pr år
- Auke sauehalde med >50 vinterfora dyr pr. år.
- Auke mjølkeproduksjonen ,med 50 000 ltr pr. år.
- Stimulere til økt bruk av utmarka til mjølk og kjøtt produksjon.
- Satse på grøf팅/fornyng av gammal eng for økt avling/produksjon.
- Ivareta sterkt landbruksinteressene i desse kjerneområda; Helle-Vindalen, Forsand-Rossavik, Eiane-Fossmark, Oaland-Haukalid og Oanes-Norland. Ref. kart «kjerneområde landbruk» Jordvern skal stå sterkt i desse områda.
- Arbeida for ein aktiv bruk av «smil-midlar» i heile kommunen med særskilt prioritering av kulturlandskapet langs Lysefjorden.
- Stimulera til fornyng av driftsbygningar til produksjonsdyr.

- Ver positiv til produksjon av frukt og grønt i kommunen, samt vidareforedling av landbruksbaserte råvarer.

#### Skogbruk

Mål: Oppretthalda eit berekraftig skogbruk med høg kvalitet i heile kommunen.

#### Tiltak:

- Følgje opp foryngingsplikta etter hogst og ha fokus på gjennplanting av kvalitetskog.
- Hogst av 4-5000 m<sup>3</sup>/år ihht. Balansekvantum for kommunen
- Byggje ca 400m skogsvegar/år. Jfr. Handlingsplan for skogbruk i Rogaland
- Treslagskifte på bonitetar >H17

#### Havbruk

Mål: Fleire etableringar og styrkja fokus på marine næringar.

#### Tiltak:

- Stimulere til å skaffe fram kunnskap om Lysefjorden/Høgsfjorden som kan bidra til marine nyetableringar.
- Byggje opp intern kompetanse innan havbruk for å kunna verta ein aktiv pådrivar for marine nyetableringar.

## REISELIV

### Status

Reiselivet i Forsand består for det meste av småskala næringsverksemder. Det er fleire verksemder med utleiehytter, camping, bed/breakfast, kafé og kioskdirift. Det er hovudsakleg Lysefjorden, Preikestolen og Kjerag som trekk turistar til kommunen, men det er også andre godt besøkte unike naturområder slik som Røssdalen, Vindalen, Flørli, Songesand, Leite (Skrøylå) og Uburen. Hotel er det ikkje i kommunen. Områda som er viktige i reiselivsamanheng er merka på plankart som «kjerneområde reiseliv».



Det er fleire reiselivselskap spesielt knytt til Lysefjorden, som driv eit langsiktig og godt arbeid med å utvikle turisttilbod langs og i fjorden.

Reiseliv er det næringsområdet som har størst potensiale for vekst og utvikling og må stimulerast på fleire områder for at Forsand kommune skal få ut potensialet som ligg i næringa. Det bør satsast på få men gode tiltak som vert gjennomført 100%. Vidare er det viktig å følgja opp det arbeid og tiltak som Lysefjorden utvikling har planar for i og langs Lysefjorden. Spesielt prosjektet »Legg dei at pengar» som LU driv, vil vera naturleg å følgja opp for å nå reiselivsmåla i planen.

Forsand kommune er kanskje ikkje den største reiselivskommunen, men er heilt klart ein av dei viktigaste i landet med dei juvelane som ein finn langs Lysefjorden.

Reiselivsnæringa er samansett og ulike tiltak trengst for å nå dei einskilde måla. Hotell er eit tiltak som vil kunna gje monaleg gevinst for at Forsand skal verta ein attraktiv stad og forlengja besøket hjå. Vinteraktivitetar i Forsand Kommune er eit tiltak som vil kunne gje eit meir stabilt aktivitetstilbod gjennom året. Desse to tiltaka vil kunne komplettera reiselivsnæringa i kommunen.

### Mål

Reiselivsnæringa i Forsand er eit satsingsområde og skal i løpet av planperioden verta ei betydeleg næring i kommunen

### Tiltak:

- Leggja til rette for vinteraktivitetar i kommunen.
- Arbeide for realisering av hotell planar i kommunen.
- Halde press for å sikre ei god turistferje logistikk i Lysefjorden.
- Lysefjorden skal utviklast til eit berekraftig reisemål.
- Utarbeida ein felles marknadsføringsbrosjyre saman med Forsand næringsforeining.
- Utgreia lokalisering, organisering og drift av ein permanent framtidsretta turistinformasjon.
- Synleggjera og marknadsføra Nasjonal turistveg.

- Synleggjera og marknadsføra turstiar/turkarta i kommunen.



## Industri

### Status

Det er fleire tunge industriverksemder i Forsand kommune. Industriverksemdene er i hovudsak knytt til sand og grus som råstoff. Det også fleire verksemder med mekanisk industri. Industrien står for den største verdiskapning i kommunen etter kraftproduksjonen og er på om lag 300 mill kr/år. Områda med sand/grus førekomstar er avmerkt i plankartet med «kjerne områder grus/sand»

### Mål

Industri verksemdene i Forsand skal utviklast og styrkjast i heile kommunen, men særskilt sandindustri og foredling av ikkje fornybare ressursar.

### Tiltak

Industrinæringa er samansett og ulike tiltak trengst for å nå dei einskilde måla.

- Sikre tilgjengeleg næringsareal for utviding av eksisterande bedrifter og etablering av nye bedrifter. Leggja inn klausular om bruk ved sal av næringsareal.
- Avklare ein føreseiande prissetting av kommunale næringstomter
- Årlig bedriftsbesøk hjå dei enkelte industribedriftene i kommunen der ein informerer tilsette om kva kommunen kan tilby ved flytting til kommunen.
- Sikre areal ressursar med føreseiande planar for vidare drift/uttak av sandressursar i kommunen.
- Vurdera uttak av fjell for å sikra/oppretthalda ressursgrunnlaget for ei langsiktig sand og betong næring i kommunen.



## Handel og service

### Status

Det er avgrensa med verksemdar som driv med handel og service i kommunen. Innbyggjartalet er utslaggeevande for kva omfang denne næringa har i kommunen. Det er avsett areal til handel og service i Bergekrossen, Øyren og Bergevik. Det er også i Lysebotn ein del service bedrifter knytt til reiseliv/turisme. Bergekrossen er eit område kommunen ynskjer å utvikle og det er utarbeida gode planar for området mtp. å utvikle område innanfor handel og service. Handel og service er eit viktig element for at Forsand kommune skal oppretthaldast som ein attraktiv kommune å busetja seg i og må utviklast kontinuerleg for å imøtekoma service behovet frå innbyggjarane. Områda som er avsett for handel og service er avmerkt i plankartet med «kjerneområde handel og service»

### Mål

Utvikla næringa i takt med befolkningsutviklinga i kommunen med eit tilbod som imøtekjem innbyggjarane sine forventningar og behov.

### Tiltak

1. Sette av areal i overordna arealplaner til framtidige områder for næringsverksemdar innanfor handel og service.
2. Opne for kombinasjonsformål for næringsområdet i Bergekrossen. Kombinasjonsformålet bustad, handel, og service vil kunne gjer område meir attraktivt og moglegheit for fleire nyetableringar innan handel og service.
3. Vurdera økonomiske verkemedel som starthjelp ved nyetableringar av service bedrifter som leiger lokale i kommunale bygg.





## Infrastruktur

### Status

Infrastruktur og kommunikasjon er eit sentralt område for alle næringane i kommunen. Infrastruktur/kommunikasjon påverkar kor attraktiv kommunen er å bu i og påverkar næringslivets tilgang på arbeidskraft. Gode høghastigheit korridorar for data utveksling er naudsynt både for innbyggjarane og verksemdene i kommunen. Forsand kommune har i deler av kommunen god dekning med fiberoptiske dataløysningar men store deler av kommunen er utan tilfredstillande infrastruktur for data kommunikasjon. Dersom Forsand kommune skal verta ein attraktiv distriktskommune for etablering av næringsverksemd og tilflytting må ein kunne tilby same og kanskje betre datakommunikasjonsløysningar en større byar/tettstader. Samanlikna med andre sentrale kommunar i fylke, er kollektivtilbodet i kommunen avgrensa. Fastlandssambandet Ryfast vil medføra eit auka behov for sterkare fokus på gode kollektivløysningar heile døgeret.

.

### Mål

Infrastrukturen i Forsand må utviklast og styrkjast i heile kommunen for å oppretthalda eit konkurransedyktig næringsliv og gjer kommunen attraktiv å bu i.

### Tiltak

For å nå måla innanfor infrastruktur trengst desse tiltaka

- Utbyggingsplan for fiberoptiske høghastigheits datanett i heile kommunen.
- Arbeida for utbetring av vegen til Vindalen, slik at området vart meir tilgjengeleg for rekreasjon, friluftsliv og næringsverksemd.
- Arbeida for Tunell Espedal/Frafjord for å imøtekoma reiselivsnæringa og næringslivet elles med dei mål og ynskje dei har for gode transportløysingar.
- Arbeida kontinuerleg med å oppretthalda ferjesambandet Oanes-Lauvik fram til tunell Espedal/Frafjord er realisert.
- Arbeida for betring av buss tilbodet til Jørpeland og Nord Jæren. Auka frekvensar og tilbod kveldstid er eit viktig tiltak for alle innbyggjarane men særskilt for ungdommen.

Planprosess

Ope møte	23.01.2013	Optimist møte Lysefjordsenteret
Formannskapet	18.02.2014	Vedtak utarbeiding av næringsplan
Formannskapet	01.04.2014	Korrigering planstruktur
Formannskapet	28.04.2014	Planstruktur, Innhold
Bondelaget	05.05.2014	Innspel til planutkast
Formannskapet	17.06.2014	Vedtak høyringsutkast
Kommunestyret	25.03.2015	Endeleg vedtak

Det er under planarbeidet avhalde 4 arbeidsmøter der formannskapet og styremedlemmer frå Forsand næringsforeining har delteke. Seksjon teknisk ved Årstein Løland og Svein Kjetil Rønnevik har vært sekretariat.